



Rich, Pete og Jimmy i aksjon i kjedlaren

**Ein fullpakka Dønhaugkjedlar husa ein bluesartist i verdsklasse i kveld. Det var ikkje plass til fleire entusiastar og stemningen var høg under det som verten Magne Huglen kalla ein kjempekveld, Han la til dette:**  
**- Eg er stolt over at uskedelingane kjenner sin besøkelsstid med omsyn til god musikk.**  
**Han kunne også ha sagt det slik: - Det er ikkje alltid dei har kjent sin besøkelsestid, men i kveld gjer dei det.**



Fullt hus og stormande jubel i Dønhaugkjedlaren i kveld

Og musikken var som Huglen varsla på førehand av ypperste klasse.  
 Rich Harper frå Pennsylvania og hans trufaste drabantar Pete

Gallager frå California og Jimmy Bell frå Thailand på trommer og bass har ein presisjon som ein berre må beundra.

Men aller mest må ein beundra

sjefen sjølv for ekvilibrisk gitarspel og soloar som får det til å kribla i ein gamal skrott. Ikkje rart at nokon vart frista til ein svingom sjølv om det slett ikkje var plass i kjedlaren. Sjølv dei som kanskje ikkje er så begeistra for blues måtte bli heftig begeistra i kveld. The Rich Harper Band har ein måte å spela på som riv ein med.

I ein pause gav trioen uttrykk for kor godt dei trivs i Noreg og då ikkje minst på grunn av den vakre naturen.

- Du verden så vakkert det er,sa trommeslagar Pete og lot blikket gli i retning Ulvanåso.

Han får høve til å beundra Uskedalsfjella også dei nærmaste dagane, sjølv om han då må sjå dei frå Os.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Rich Harper blir bedre for kvart år](#)